



ALLTID BEREDT

REFERAT FRÅ DET 44. ÅRSMØTET I RYVARDEN KRETS

Laurdag 5. februar 2022 kl. 11:00 digitalt på Zoom-videochat

Opning

Møtet starta med flaggutrulling.

1 Konstituering

- 1.1. Øystein Østensen vart oppnemnd som ordstyrar.
- 1.2. Espen Fosse og kretssekretær Hildegunn Larssen Fjelland vart oppnemnd som referantar.
- 1.3. Godkjenning av representantane: 45 representantar med stemmerett, 2 observatørar.
- 1.4. Saksliste og innkalling vart godkjent med følgjande merknadar:
 - Feil dato for møtet i innkallinga.
- 1.5. Audun Økland og Tom Frode Hansen vart oppnemnd til å underskrive referatet.
- 1.6. Kristoffer Spissøy og Andreas Fagerland/ Fredrik Lie Midtskog vart oppnemnd som teljekorps.

2 Årsmelding for 2021

Kretsleiar presenterte årsmeldinga for 2021.

Kretsleiar orienterte kretstinget om at kretsstyret har evaluert roversøtte-ordninga.

På kretstingets årsmøte i 2019 var det vedtatt å opprette ei støtteordning for roverar som deltek på nasjonale roverarrangement. Det vart også vedtatt at denne ordninga skulle evaluerast etter to år. I fjor valte kretsstyret å utsetje evalueringa grunna lite grunnlag å evaluere den på. Dei siste åra har det vore lite nasjonale arrangement å delta på, og kretsstyret har difor ikkje mottatt søknadar om støtte frå roverar. I 2019 mottok kretsstyret fem søknadar om støtte.

Kretsstyret syntes ordninga med at roverar kan få støtte til å reise på nasjonale arrangement er veldig positiv. Dei ynskjer at kretsen skal bidra til at roverar kan vere aktive på nasjonale arrangement. Kretsen har også god økonomi. Kretsstyret vil difor halde fram med støtteordninga for roverar som deltek på nasjonale arrangement. Sidan støtteordninga vart oppretta har det vore budsjettert med 15 000 kr pr. år. Denne summen kan justerast opp eller ned i budsjettet, alt etter behov. Dette vil kretsstyret vurdere kvart år.

Vedtak frå kretsstyremøte 04.01.22:

Støtteordninga for roverar som deltek på nasjonale roverarrangement vert ståande slik den er per dags dato.

Vedtak:

Årsmeldinga for 2021 vert samråystes godkjent



ALLTID BEREDT

Ryvarden krets av NSF

Kretstingets årsmøte 2022

3 Rekneskap og revisjonsberetning for 2021

Visekretsleiar kommenterte rekneskapen og las opp revisjonsberetninga.

Vedtak:

Rekneskap for 2021 vert samråystes godkjent. Overskotet vert overført til annan eigenkapital.

4 Terminliste

Kretssekretær gjekk gjennom kretsstyret sitt forslag til revidert terminliste for våren 2022 og ny terminliste for hausten 2022 og våren 2023.

Våren 2022

Det er ingen endringar i terminlista for våren 2022.

Hausten 2022 og våren 2023

Forslag frå styremedlem Karl Andreas Karlsen:

«Ta vekk følgende tekst fra kretsens helg både høst 2022 og vår 2023: kurs for både speidere og ledere»

Vedtak: Samråystes godkjent

Forslag frå Åkra speidargruppe:

«Kretsens helg flyttes til 24-26 mars»

Vedtak: Samråystes godkjent

Forslag frå Meling speidargruppe:

«Flytte kretskonkurransen frå 14.-16. april til 21.-23. april»

Vedtak: Godkjent, 44 stemmer for og 1 mot.

Vedtak:

- *Terminlista for våren 2022 vart samråystes vedtatt.*
- *Forslag til terminliste for hausten 2022 og våren 2023 vert vedtatt med dei endringane som vart vedtatt på kretstinget, 44 stemmer for og 1 mot.*

5 Kretsen sin økonomi i eit lengre perspektiv (Drøftingssak)

Kretssekretær presenterte saka.

Mange hadde ordet i saka, og her er ei kort oppsummering av tankane dei hadde:

- Ein ting som gjekk igjen hos fleire var at dei ynskja å bruka pengane på oppleveligar/inspirasjon for folk heller enn på å kjøpe ting/utstyr. Me er ein krets med store avstandar, noko som gjer det upraktisk med eit felles utstyrslager. Eit godt forslag i denne samanhengen var å opprette ei oversikt over kva utstyr gruppene har, også kan gruppene låne/leige av kvarandre.
- Reduksjon av deltakaravgifter vart også diskutert, spesielt i forbindelse med den komande kretsleiren. Det er lite sannsynleg å få redusert leirkontingen, men kretsen kan vurdere ei refusjonsordning der



gruppene får refundert ein del av utgiftene. Samstundes vart det minna om at det nettopp er inntektene frå kretsleiaren som er hovudårsaka til at kretsen er i den økonomiske situasjonen dei er. Fleire peika også på at det finst ulike stønadsordningar i samfunnet for dei familiene som treng det.

- Arrangement spesielt for vandrarar/ speidarar i ungdomsalder var noko fleire ynskja. Dei mente at dette er ei gruppe kretsen kan ha meir fokus på. Dette kan vere med på å motivere speidarane til å fortsette når dei kjem i roveralder og skape bekjentskap på tvers av grupper. Leiarar som deltok på slike arrangement tidligare sa at dette var veldig kjekt, og at det var eit godt rovermiljø i åra etterpå.
- Ein ting som trengs med jamne mellomrom er vedlikehald/oppgraderingar på leirplassen på Lier. Vatn og avlaup er ein ting som har vore utfordrande i fleire år. Dette er kostbare oppgraderingar, men vil gjere det lettare for oss å ha både oftare og større arrangement på Lier. Dette vil kunne vere grunnlag for auka leigeinntekter.
- Når det gjel kor mykje pengar kretsen til ei kvar tid bør ha på konto, meinte fleire at me bør ha om lag kr 200-300 000. Det vart også minna om at sjølv om leigeforholda på leirplassen og forholdet til grunneigar er gode, så er det kort oppseilingstid på leigeavtalen. Dette talar for at kretsen bør ha nok økonomiske midlar til å kunne flytte leirplassen på kort varsel og at om lag kr 500 000 difor kan vere ein passande sum.

7 representantar gjekk frå årsmøtet før avstemming slik at det då var 38 med stemmerett igjen.

Vedtak:

Kretstinget drøfta saka og ber kretsstyret ta med seg innspela i arbeidet sitt vidare.

6 Endring i retningslinjer

Styremedlem Karl Andreas Karlsen presenterte saka.

I tillegg nytta han høve til å informere om at Utval speiding treng fleire medlemmar, og det vart presistert at desse medlemmane ikkje treng å vera leiartrenarar. Alle som ynskjer å arrangere noko i kretsen kan vere medlem her. Ofte arrangerer Utval speiding kurs, men dei kan også arrangere alt mogleg anna. Ein treng difor ikkje spesielle kunnskapar for å vere medlem i utval speiding, berre eit ynskje om å finne på noko kjekt for kretsen sine medlemmar.

Motforslag frå Meling speidargruppe til endring i retningslinjene for kretskonkurransen:
«Siste setning i §1.2 blir sletta».

2 representantar gjekk frå årsmøtet før avstemming slik at det då var 36 med stemmerett igjen.

Vedtak:

- *Endring i retningslinjer for utval speiding vert samråystes vedtatt.*
- *Endring i retningslinjer for kretskonkurransen slik kretsstyret la dei fram vert vedtatt. 29 stemmer for, 7 i mot/for forslaget frå Meling speidergruppe.*
- *Endring i retningslinjer for leirplassen vert samråystes vedtatt.*



7 Budsjett for 2022

Visekretsleiar kommenterte forslaget til budsjett for 2022.

Kommentar frå styremedlem Karl Andreas Karlsen:

Det er satt av kr 15 000 til leiartrening utanfor eigen krets. Her er det altså gode moglegheitar for dei som ynskjer å verte leiartrenarar.

Forslag frå Meling speidargruppe:

«Post 6210 auke frå 10 000 til 20 000»

Vedtak: Samrøystes godkjent.

Vedtak:

Forslaget til budsjett med dei endringane som er vedtatt vert samrøystes godkjent.

8 Val

Kretssekretær presenterte valkomiteen sitt forslag til val.

Det manglar kandidatar i kretsstyret, i valkomiteen, til speidartinget og til speidarforum. Undervegs i saka meldte følgjande medlemmer seg villige til å ta på seg ledige verv:

- Andrea M. Mjønes frå 1.leirvik speidargruppe stiller som varamedlem i kretsstyret.
- Jakob Løve Rud frå Kopervik speidargruppe stiller som varamedlem/rover i kretsstyret.
- Jakob Løve Rud frå Kopervik speidargruppe stiller som medlem i valkomiteen.
- Kristoffer Spissøy frå 1.Leirvik speidargruppe stiller som medlem i valkomiteen.
- Øystein Østensen frå 1.Leirvik speidargruppe stiller som vara til speidartinget.
- Jakob Meling frå Meling speidargruppe stiller som representant til speidarforum.
- Andreas Løkling frå Meling speidargruppe stiller som representant til speidarforum.

Vedtak:

Forslag til val frå valkomiteen i tillegg til dei som stilte til val på kretstinget vert godkjent ved akklamasjon.

Orientering om aktuelle saker:

- Kretsleir:

Kretsstyret har vore på møte om kretsleiren i 2023. Denne gongen har Hordaland krins invitert med alle kretsane i Vestland fylke, både i NSF og KM. Det er framleis usikkert om kven som er interessert i å delta, men Ryvarden har sagt at me er interessert. Det skal skipast ein kretsleirkomite i slutten av februar. På dette møtet vil me gjerne kome med forslag til komiteleiarar og komitemedlemmar frå vår krets. I tillegg kan me kome med innspel til leirplass og eventuelt leirsjef. Dersom nokon har innspel, er interessert i å vere med som stab sjølv eller veit om personar som kan vere aktuelle kan dåke ta kontakt med kretssekretær eller andre i kretsstyret.



- **Kretskonkurransen:**

Magnus Aronsen har sagt at han ynskjer å vere med i kretskonkurransekomiteen, men elles består komiteen av tre medlemmar frå 1.Leirvik speidargruppe. Komiteen treng difor fleire medlemmar for å kunne arrangere ein god konkurranse for speidarane. Om nokon kan tenkje seg å vere med i komiteen eller har spørsmål er det berre å gi ein lyd til kretssekretær!

- **Festivalleir:**

Kretsstyret håpar veldig at me får arrangert festivalleir i år. No treng me verkeleg å møtast fysisk! Kretsstyret har ikkje starta planlegginga for fullt, men dei kan sei allereie no at det antakeleg ikkje vert ein festivalleirkomite. Istaden vert kvar gruppe ansvarleg for å stille med minst ein aktivitet, også går speidarane rundt og besøker kvar gruppe. Kretsstyret vert då teknisk arrangør. Om nokon har innspel til festivalleiren, ynskjer å bidra med noko spesielt eller vil hjelpe kretsstyret med gjennomføringa, så er dåke hjarteg velkommen til å ta kontakt med kretssekretær eller kretsstyret.

Avslutning

Kretsleiar takka følgande for godt utført arbeid i samband med årsmøtet og året som har gått.

- Ordstyrar: Øystein Østensen
- Avtroppende medlem i valkomitéen: Anna Tveit, Julia Turkerud og Jan Helge Gulliksen
- Revisor: Nils Himle
- Kasserar og rekneskapsførar: Espen Fosse
- Avtroppende styre- og varamedlemar: Solveig Lanes, Harald-Andreas Hansen og Sigbjørn Tveit
- Kretsstyremedlemmar som stiller til attval: Magnus Aronsen, Øyvind Gulliksen, Erik Bloch
- Avtroppende medlem i kretskonkurrasekomiteen: Brith-Hege Abelsen

- «Koronapatrulje Sveio» frå Førdespeidarane tok ein imponerande 2.plass i NM i speiding, og mottar i den anledning eit gåvekort frå kretsen hos Speider-Sport på 1000 kr.

Møtet vart avslutta med innrulling av flagget og speidarbøn.

Øystein Østensen

Ordstyrar

Audun Økland

Valt representant til å signere referatet

Tom Frode Hansen

Valt representant til å signere referatet

44. ÅRSMØTET I RYVARDEN KRETS

Laurdag 5. februar 2022

Dagsorden

Møtet byrjar kl. 11:00.

Opning

Utdeling av hedersteikn

1. Konstituering

- 1.1. Oppnemning av ordstyrar
- 1.2. Oppnemning av 2 referentar
- 1.3. Godkjenning av representantane
- 1.4. Godkjenning av innkalling og saksliste
- 1.5. Val av 2 representantar til å underskrive møteboka
- 1.6. Val av teljekorps

2. Årsmelding for 2021

3. Rekneskap og revisjonsberetning for 2021

4. Terminliste

- 4.1. Revisjon av terminliste for våren 2022
- 4.2. Terminliste for hausten 2022 og våren 2023

5. Kretsen sin økonomi i eit lengre perspektiv (Drøftingssak)

6. Endring i retningslinjer

7. Budsjett for 2022

8. Val

Avslutning

Ryvarden krets av Norges speider forbund

Årsmelding for 2021



ALLTID BEREDT

1 Speidargrupper

Av dei 19 gruppene som står som aktive i 2021 er det 3 som ikkje har aktivitet. Det reelle talet på aktive grupper er difor 16.

År	Antal
2017	19
2018	19
2019	19
2020	19
2021	19

2 Betalande medlemmar

Oversikt over antal betalande medlemmar dei siste fem åra. I 2021 har det vore ein nedgang på -2,0% i medlemstala samanlikna med 2020.

År	Antal
2017	705
2018	728
2019	797
2020	751
2021	729

3 Kretsstyret

Kretsstyret har hatt 3 styremøter og har behandla 21 saker. Kretsstyret har hatt følgande samansetning.

Verv	Navn	Gruppe
Kretsleiar	Erik Bloch	1.Leirvik speidargruppe
Visekretsleiar	Marius Johannessen	Åkra speidargruppe
Styremedlem	Solveig Lanes	Kopervik speidargruppe
Styremedlem	Karl Andreas Karlsen	1.Vedavågen sjøsp.gr.
Styremedlem/Roverutvalet	Øyvind Gulliksen	1.Skudeneshavn sjøsp.gr.
Varamedlem	Harald-Andreas Hansen	Kopervik Speidargruppe
Varamedlem	Magnus M. Aronsen	Førdespeidarane
Varamedlem/Roverutvalet	Sigbjørn Tveit	Buaspeidarane

4 Tilsette og kretskontor

Ryvarden krets har hatt følgande tilsette/verv i 2021.

Tidsrom	Navn	Stilling
Heile året	Hildegunn L. Fjelland	Kretssekretær (20 %)
Heile året	Espen Fosse	Kasserar og rekneskapsførar (Frivillig verv)

Kretskontoret vert drifta som heimekontor utan faste opningstider. I 2019 vart kasserar eit eige ulønna verv i kretsen.

5 Revisor

Kretsens revisor har vore Nils Himle (medlem i Finnås speidargruppe).

6 Komitear og utval

Komitear og utval har vore samansett som følger. Kretsen har ikkje hatt roverutval i 2021.

	Navn	Gruppe
Kretskonkurransekomite	Britt Hege Abelsen	1. Vedavågen sjø speidergruppe
	Erik Bloch	1. Leirvik speidergruppe
	Hildegunn L. Fjelland	1. Leirvik speidergruppe
	Kristoffer Spissøy	1. Leirvik speidergruppe
Valkomite	Anna Tveit	Buaspeidarane
	Jan Helge Gulliksen	1. Skudneshavn sjøspeidergruppe
	Julia Ravn Turkerud	Skår speidergruppe
Utval speiding	Ingeborg Stokkenes	Buaspeidarane
	Harald P. Aspelund	Åkra speidergruppe
Roverutval		

7 Aktivitetar

Følgande aktivitetar vart arrangert i regi av Ryvarden krets i 2021. I år som i fjor har koronapandemien og smittevernreglar begrensa aktiviteten i kretsen. Kretsens helg i april vart avlyst grunna høge smittetal. Kretskonkurransen var arrangert digitalt og difor utgjekk småspeidarkonkurransen. I haust var smittetala låge og utval speiding kunne arrangerte peff 1 under kretsens helg. Julemøte vart avlyst då ingen i kretsstyret hadde moglegheit til å arrangere møtet.

Dato	Aktivitet	Teknisk arrangør	Stad	Deltakarar
6. feb.	Kretstingets årsmøte	Kretsstyret	Digitalt	35 stemmeh.
<u>23.-25. april</u>	<u>Kretsens helg</u>	<u>Utval speiding</u>		<u>Avlyst</u>
11.-12.juni	Kretskonkurransen	Kretskonk.komite	Digitalt	18 patruljar
	<u>Småspeidarkonkurransen</u>	<u>Kretskonk.komite</u>		<u>Avlyst</u>
13.juni	NM i speiding, lokal superfinale	Kretskonk.komite Nm i speiding	Lier	4 patruljar
24.-26. sep.	Kretsens helg	Utval speiding	Lier	16 pers.
<u>29. nov.</u>	<u>Julemøte</u>	<u>Kretsstyret</u>		<u>Avlyst</u>

Kretsen har ikkje motteke nokon søknadar om støtte til deltaking på roverarrangement i år, då dei aller fleste nasjonale arrangement vart avlyst. (jf. vedtaket som ble gjort i sak 5 på kretstingets årsmøte 2019) .

Småspeidarkonkurransen, kretskonkurransen og NM

Kretskonkurransen vart i år gjennomført digitalt. Patruljane var på lokale leirområde og fekk tilsendt oppgåvene digitalt frå kretskonkurransekomiteen. Når oppgåvene var gjennomført vart dei dokumentert med bilet og video.

Dei fire beste patruljane fekk delta i ein lokal superfinale på Lier på søndagen, med oppgåver frå den nasjonale NM-komiteen. Av desse fire kåra kretskonkurransekomiteen ein vinnar som fekk sende resultata sine vidare til nasjonal bedømming blant vinnarane frå alle kretsane. NM-komiteen vurderte alle resultata og kåra vinnaren av NM i speiding 2021.

Grunna digital gjennomføring av kretskonkurransen vart småspeidarkonkurransen avlyst.

Plassering	Patrulje	Gruppe	Plassering i NM
1. plass	Koronapatrulje Sveio	Førdespeidarane	2. plass nasjonalt
2. plass	The Vampires	Skånevikspeidarane	(3. plass i lokal superfinale)
3. plass	Vaskebjørn	1.Leirvik speidargruppe	(2.plass i lokal superfinale)
4. Plass	Koronapatrulje Førde 2	Førdespeidarane	(4.plass i lokal superfinale)

8 Deltaking utanom eigne arrangement

Ingen har deltatt på arrangement utanfor kretsen i 2021.

Dato	Arrangement	Stad	Navn	Gruppe

Erik Bloch

Kretsleiar

RESULTAT 2021

Ryvarden krets av NSF

31.12.2021

	Res-2020	Bud-2021	Res-2021
SALGS- OG DRIFTSINNTEKT			
3200 Medlemskontingenter	147.920,00-	140.000,00-	159.390,00-
3210 Inntekter, kurs og samlinger	10.600,00-	20.000,00-	5.600,00-
3220 Inntekter, kretskonkurransen		10.000,00-	0,00
3230 Inntekter, kretstingets årsmøte	6.800,00-		0,00
3240 Inntekter, roveraktiviteter		5.000,00-	0,00
3260 Salg, materiell		1.000,00-	160,00-
3290 Diverse inntekter	2.673,00-		2.300,18-
3410 Momskompensasjon	20.922,00-	8.000,00-	12.078,00-
3460 Tilskudd til kurs	2.000,00-		0,00
3470 Tilskudd fra Rogaland fylkeskomm	28.931,00-	25.000,00-	30.100,00-
3480 Tilskudd fra Vestland fylkeskomm	80.000,00-	70.000,00-	70.000,00-
3490 Tilskudd, andre	19.600,00-		3.474,00-
3600 Leieinntekter	1.600,00-	5.000,00-	1.800,00-
SUM SALGS- OG DRIFTSINNTEKT	321.046,00-	284.000,00-	284.902,18-
LØNNSKOSTNAD			
5000 Lønn og andre utgifter til ansat	61.579,70	80.000,00	69.031,81
SUM LØNNSKOSTNAD	61.579,70	80.000,00	69.031,81
ANNEN DRIFTSKOSTNAD			
6210 Kurs og samlinger	10.744,51	15.000,00	15.486,17
6220 Kretskonkurransen		7.000,00	7.061,86
6230 Kretstingets årsmøte	5.697,02		0,00
6240 Roveraktiviteter		10.000,00	0,00
6245 Reisestøtte rovere		15.000,00	0,00
6260 Ledersamlinger	148,70	7.000,00	0,00
6290 Leie av utstyr	700,00	1.000,00	0,00
6300 Godtgjørelse for hjemmekontor	4.200,00	4.200,00	4.200,00
6310 Leieavtale, Lier	12.000,00	12.000,00	12.000,00
6320 Renovasjon, vann, avløp o.a.	1.593,00	5.000,00	0,00
6340 Strøm	6.914,16	10.000,00	13.443,53
6390 Annen kostnad lokaler	440,00	1.000,00	0,00
6440 Deltageravgift, NM i speidning		6.000,00	0,00
6460 Speiderforum og Roverforum	15.374,00		0,00
6470 Speidertinget	3.302,00		0,00
6480 Samlinger for kretsledere/kretss		7.500,00	3.300,00
6481 Samlinger for kretsansatte		5.000,00	0,00
6490 Ledertrening utenfor krets		15.000,00	0,00
6600 Rep. og vedlikehold bygninger	2.878,00	2.500,00	0,00
6610 Innkjøp av varige driftsmidler (572,60	5.000,00	0,00
6680 Dugnad		1.000,00	0,00
6690 Rep. og vedlikehold leirområde	6.457,50	2.500,00	2.701,25
6800 Kontorreksjona		1.000,00	1.752,00
7140 Reiseutgifter, kretsstyret		1.000,00	0,00
7141 Reiseutgifter, kretssekretær		3.000,00	1.346,88
7160 Bevertning, innkjøp av mat og dr		1.000,00	148,90
7210 Godtgjørelser for verv jf. regle	3.000,00	3.600,00	3.000,00
7330 Profilering/markedsføring		1.000,00	0,00
7400 Kontingenter andre organisasjone	600,00	600,00	0,00
7420 Gaver	569,00	1.000,00	4.250,75
7510 Forsikring eiendommer	8.338,00	10.000,00	8.592,00
7600 Årlige kostnader, programvare og	5.868,63	5.000,00	3.700,00
SUM ANNEN DRIFTSKOSTNAD	89.397,12	158.900,00	80.983,34
KOSTNADER	150.976,82	238.900,00	150.015,15

RESULTAT 2021

Ryvarden krets av NSF			31.12.2021
	Res-2020	Bud-2021	Res-2021
<u>FINANSIELLE POSTER</u>			
8040 Renteinntekt	2.570,00-	2.500,00-	1.979,00-
8150 Bankgebyr	156,50	500,00	130,50
SUM FINANSIELLE POSTER	2.413,50-	2.000,00-	1.848,50-
RESULTAT (Overskudd)	172.482,68-	47.100,00-	136.735,53-

RESULTAT 2021

Ryvarden krets av NSF

31.12.2021

	<i>Res-2020</i>	<i>Bud-2021</i>	<i>Res-2021</i>
Lier	37.020,66	39.000,00	34.936,78
Kretstingets årsmøte	1.102,98-		0,00
Kretskonkurransen		3.000,00-	7.061,86
Kurs og samlinger	1.282,89-	0,00	9.886,17
Roveraktivitet		20.000,00	0,00
Ingen avdeling	207.117,47-	103.100,00-	188.620,34-
SAMLET RESULTAT (Overskudd)	172.482,68-	47.100,00-	136.735,53-

BALANSE 2021

Ryvarden krets av NSF

31.12.2021

	2020	2021
EIENDELER		
1500 Kundefordringer		450,00
1920 Brukskonto	151.243,60	157.004,13
1930 Kapitalkonto	668.349,79	798.874,79
SUM EIENDELER	819.593,39	956.328,92
EGENKAPITAL OG GJELD		
2050 Annen egenkapital	819.593,39-	819.593,39-
Ikke disponert resultat for 2021		136.735,53-
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	819.593,39-	956.328,92-

Til Kretstingets årsmøte 2022 i Ryvarden krets av Norges Speiderforbund

REVISJONSBERETNING 2021

Som valgt revisor for Ryvarden krets av NSF, har jeg revidert kretsens årsregnskap for 2021.

Årsregnskapet er utarbeidet av styret i Ryvarden Krets av NSF og består av resultatregnskap og balanse.

Min oppgave har vært å gi denne uttalelse om det framlagte årsregnskapet for 2021 til Kretstingets årsmøte.

Jeg har i den sammenheng foretatt bilagskontroll, kontroll av bokføringen for øvrig, samt avstemt årsregnskapets balanse.

Resultatregnskapet viser et overskudd på kr. 136.735,53
Overskuddet er vist i balansen som «Ikke disponert resultat for 2021»

Kretsens balanseregnskap viser eiendeler med total verdi på kr. 956.328,92.
Av dette er kr. 955.878,92 bankinnskudd.

Det er etter min mening gjennomført en oversiktig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysningene. Det er videre min mening at det framlagte årsregnskapet gir et korrekt bilde av årets resultat og den økonomiske stilling for Ryvarden krets av NSF den 31. desember 2021.

Bømlo, 30. januar 2022



Nils Himit
Valgt revisor

Sak 4 - Terminliste

TERMINLISTE FOR 2022

Januar

Februar

04.	Emnekurs	Utval speiding
05.	Kretstingets årsmøte	Kretsstyret
22.	Tenkedagen	Gruppene

Mars

April

1.-3.	Kretskonkurransen	Kretskon. Komite
3.	Småspeidarkonkurransen	Kretskon. Komite
23.	St.Georgsdagen	Gruppene
22.-24-	Kretsens helg: kurs for både speidrar og leiarar	Utval speiding

Mai

Juni

3.-5.	Festivalleir	Kretsstyret/ festivalleirkomite
10.-12.	NM i speiding	NSF

Juli

August

September

3.-11.	Friluftslivets uke 2022	Gruppene
16.-18.	Roverfemkamp	NSF
23.-25.	Kretsens helg: kurs for både speidere og ledere	Utvalg speiding

Oktober

14.-16.	Jota/Joti	Gruppene
21.-23.	Speidar- og roverforum	NSF

November

11.-13.	Speidartinget	NSF
28.	julemøte / Leiarsamling	Kretsstyret

Desember

Sak 4 - Terminliste

TERMINLISTE FOR VÅREN 2023

Januar

Februar

- | | | |
|-----|----------------------|----------------|
| 03. | Emnekurs | Utval speiding |
| 04. | Kretstingets årsmøte | Kretsstyret |

Mars

- | | | |
|---------|--|----------------|
| 28.-30. | Kretsens helg: Kurs for både speidrar og leiarar | Utval speiding |
|---------|--|----------------|

April

- | | | |
|--------|------------------------|------------------|
| 14.-16 | Kretskonkurransen | Kretskonk.komite |
| 16. | Småspeidarkonkurransen | Kretskonk.komite |

Mai

Juni

- | | |
|---------------|-----|
| NM i speiding | NSF |
|---------------|-----|

Juli

Kretsleir



ALLTID BEREDT

Ryvarden krets av NSF
Kretstingets årsmøte 2022

Sak 5 – Kretsen sin økonomi i eit lengre perspektiv (drøftingssak)

Dei siste ti åra har økonomien til kretsen jamt og trutt betra seg og i dag har kretsen nærmare ein million kroner ståande på bankkonto. Største delen av inntektene er komein frå kretsleirar, men også den årlege drifta til kretsen har jamt over gitt positivt resultat.

Sjølv om kretstinget handsamar budsjett for kvart år og slik sett har god styring på økonomien i kretsen, ser kretsstyret at det kan vere fornuftig at kretstinget frå tid til anna også drøftar kretsen sin økonomiske situasjon i eit litt større og lenger perspektiv.

Aktuelle spørsmål kan vere:

- Kor mykje pengar bør kretsen minimum ha på konto til ei kvar tid?
- Kva nivå bør kretsen sine kurs- og deltakaravgifter vere på? Skal kvar einskild aktivitet gå med overskot eller skal t.d. kurs subsidierast med oppsparte midlar? Kursavgifta for peff- og leiarkurs er for tida kr 350,- pr. pers.
- Dei siste kretsleirane har gitt store overskot. Er det ønskeleg å halde fram slik? Deltakaravgifta for kretsleiren i 2019 var i utgangspunktet kr. 2000,- pr. pers.
- Kva kan det vere aktuelt for kretsen å bruke pengar på utanom den vanlege drifta? T.d. kanohenger, utstyr, aktivitetspakkar...

Kretsstyret ønskjer at kretstinget drøfter kretsen sin økonomi i eit lengre perspektiv og kjem med innspel som styret kan ta med seg i det vidare arbeidet.



ALLTID BEREDT

Ryvarden krets av NSF
Kretstingets årsmøte 2022

Sak 6 – Endring av retningslinjer for Ryvarden krets

Kretsstyret har gått gjennom retningslinjene for utvalg speiding, kretskonkurransen og leirplassen, og har noen endringsforslag.

Forslag til endring av retningslinjene for Utvalg speiding

- 1.2 *Kretsstyret foreslår at utvalget selv velger leder for 2 år om gangen, istedenfor at kretsstyret oppnevner leder. (Rettningsslinjer for Utvalg speiding, utvalgets sammensetning pkt. 1.2)*
- 1.3 *Kretsstyret foreslår å fjerne at utvalget skal fastsette antall medlemmer selv, og bare beholde at utvalget bør bestå av 6-10 medlemmer. (Rettningsslinjer for Utvalg speiding, utvalgets sammensetning pkt. 1.3).*

Begrunnelse:

- Fram til nå er det kretsstyret som har vært ansvarlig for å oppnevne leder av utvalget. Kretsstyret syntes det er bedre om utvalget selv bestemmer hvem som skal være leder. Da kan utvalget selv bestemme hvem som passer best til å være leder og hvem som ønsker det.
- Kretsstyret ser ikke behov for at utvalg speiding hvert år skal fastsette hvor mange medlemmer de skal være, og syntes det er bedre med et fast antall medlemmer som utvalget bør bestå av.

Forslag til endring av retningslinjene for kretskonkurransen

- 1.2 *Kretsstyret foreslår å endre ordlyden i pkt. 1.2 Rettningsslinjer for kretskonkurransen, ansvarsforhold kretsstyret. Fra «2 medlemmer skiftes ut hvert år» til «2 medlemmer bør skiftes ut hvert år».*
- 2.1 *Kretsstyret foreslår å opprette et nytt punkt i Rettningsslinjer for kretskonkurransen:*

- 2.1. *Leder for komitéen velges av komitéens medlemmer for 2 år om gangen.*

Øvrige punkt forskyves slik at tidligere pkt. 2.1 nå blir 2.2 osv.

Forslag til endring av retningslinjene for leirplassen

4. *Kretsstyret foreslår å opprette et nytt punkt i Rettningsslinjer for leirplassen:*
4. *Leder for komitéen velges av komitéens medlemmer for 2 år om gangen.*

Øvrige punkt forskyves slik at tidligere pkt. 4 nå blir 5 osv.

Begrunnelse:

- Historisk sett blir folk sittende i komitéer og utvalg lengre enn to år. Kretsstyret vil at medlemmer skiftes ut med jevne mellomrom, men ønsker også å kunne beholde den kompetansen og interessen som finnes hos de som allerede sitter i komitéene. Det har også til tider vært vanskelig å rekruttere nye medlemmer til utvalg og komitéer. Kretsstyret ønsker derfor å ha muligheten til å beholde medlemmer i mer enn to år ved å endre ordlyden til at medlemmene bør skiftes ut. Da bør det jobbes for å få inn nye medlemmer, men ingen må skiftes ut.
- Det er bare utvalg speiding som har retningslinjer for hvordan leder av utvalget skal velges. Kretsstyret mener kretskonkurransekomitéen og leirplasskomitéen på lik linje med utvalg speiding bør ha en leder og velge den selv. Kretsstyret foreslår derfor å opprette det samme punktet i retningslinjene for kretskonkurransen og leirplassen.



Vedtatt: 12.02.2005

Sist endret: 14.02.2015

1. Utvalgets sammensetning

- 1.1. Kretsstyret oppnevner medlemmer til Utvalg speiding for 2 år om gangen.
- 1.2. Leder for utvalget **velges av utvalgets medlemmer** for 2 år om gangen.
- 1.3. Utvalget **fastsetter selv antall medlemmer, men** bør bestå av 6-10 medlemmer.
- 1.4. Utvalget skal ha en som er ansvarlig for ledersiden, en som er ansvarlig for tropplssiden, og en som er ansvarlig for flokksiden av speiderarbeidet.

2. Utvalgets målsetting og ansvar

- 2.1. Utvalget skal ivareta programtilbud for speidere og ledere i henhold til Norges speider forbunds målsetting.
- 2.2. Utvalget har ansvar for kurs og samlinger inkludert grunntrening for ledere og patruljefører- og førerpatruljekurs.

3. Utvalgets arbeidsoppgaver

- 3.1. Utvalget skal utarbeide forslag til kurs og samlinger innen sitt arbeidsområde i kretsen. Forslaget skal legges frem på felles arbeidsmøte med kretsstyret på høsten.
- 3.2. Utvalget skal planlegge og gjennomføre de aktivitetene som hører inn under sitt arbeidsområde i kretsen.
- 3.3. Utvalget plikter å levere rapport til kretsstyret innen 1 måned etter at et arrangement er gjennomført.
- 3.4. Utvalget samles etter behov, men minst 1 gang hvert halvår. Det skal skrives referat etter disse møtene. Referatet skal sendes til kretsstyret. Utvalget skal innen 7. januar hvert år sende skriftlig årsmelding til kretsstyret.



Vedtatt: 16.03.1992

Sist endret: 13.02.2016

Mål for kretskonkurransen er:

- Å gi speiderne et mål å arbeide mot
- Å gi patruljene en mulighet for å måle sine ferdigheter mot andre patruljer i kretsen
- Å velge ut kretsens representanter til NM i speiding
- Å gi deltagerne et møte med andre speidere og en følelse av å tilhøre en stor krets
- Å gi deltagerne et sosialt felleskap

ANSVARSFORHOLD

1. Kretsstyret

- 1.1. Kretsstyret har det overordnede ansvar for konkurransen inkludert sikkerhet, og skal være representert under gjennomføringen. Styret har ansvar for å finne teknisk arrangør og sted og er ansvarlig for å skaffe premier og søke om økonomisk støtte.
- 1.2. Kretsstyret har ansvar for å oppnevne en kretskonkurransekomit  best  ende av 5 medlemmer blant ledere og rovere i kretsen. 2 medlemmer **b r** skiftes ut hvert  r.

2. Kretskonkurransekomit 

- 2.1. Leder for komit en velges av komit ens medlemmer for 2  r om gangen.
- 2.2. Komit en har ansvaret for at alle oppgaver er klare senest 3 uker f r konkurransen. Oppgaveansvar kan gis videre til speidergrupper.
- 2.3. Komit en har ansvaret for utarbeiding av budsjett i samarbeid med kretssekret ren. Kretssekret ren f rer arrangementsregnskap.
- 2.4. Komit en har ansvar for   utarbeide invitasjon til alle grupper med utfyllende opplysninger. Er det tenkt forh andsoppgave m  denne gis beskjed om p  invitasjonen. Utstyr patruljene trenger til oppgavel sning m  ogs  tas med. Kretssekret r sender ut invitasjonene.
- 2.5. Komit en har ansvar for   oppnevne en jury for sm speiderkonkurransen og en jury for speiderkonkurransen. Hver jury skal best  av i alt 3 medlemmer; 1 fra kretsstyret, 1 fra kretskonkurransekomit en og 1 medlem som oppnevnes blant lederne i kretsen. Juryene skal v re etablert f r konkurransestart og presenteres ved  pning.
- 2.6. Komit en er ansvarlig for   skaffe kokk med ansvar for alle m ltider til komit en og teknisk arrang r.
- 2.7. Komit en er ansvarlig for gjennomf ring av konkurransen inkludert leirb l.
- 2.8. Komit en er ansvarlig for at konkurransen evalueres og at instrukser for b de komit  og teknisk arrang r oppdateres. Oppsummering og evaluering sendes kretsstyret senest 1  ned etter at konkurransen er avholdt.
- 2.9. Detaljert beskrivelse av ansvaret til komit en finnes i egen instruks.



Vedtatt: 12.02.2005

Sist endret: 12.02.2005

1. Leirplassen til Ryvarden krets har som formål

- a) Å fremme friluftsinteressene til medlemmene i kretsen.
- b) Å gi medlemmene en plass for utvikling av speiderferdigheter.
- c) Å gi kretsen en plass for lederutvikling.
- d) Å gi kretsen en plass for avvikling av større arrangement.

2. Kretstingets årsmøte har det overordnede ansvar for leirplassen og kretsstyret har forvaltningsansvaret.
3. Kretsstyret utnevner en komité på 3 medlemmer som har ansvar for det daglige ettersynet og utvikling av leirområdet.
4. Leder for komitéen velges av komitéens medlemmer for 2 år om gangen.
5. Det skal være en egen instruks for bruken av området.

Sak 7 – Budsjett for 2022

I budsjettet for 2022 er det føreslått eit negativt resultat på nærmere kr. 52 000. Dette må sjåast i samanheng med at kretsens økonomi vert mykje påverka av Speidartinget, Speidar- og Roverforum og kretsleir, der alle desse arrangementa har til felles at dei ikkje vert avholdt årleg.

Speidartinget med tilhøyrande Speidar- og Roverforum vert avholdt kvart andre år. Kretsen har fire representantar på Speidartinget og to representantar på kvart av foruma. Alle dei åtte representantane har vararepresentantar, totalt 16 personar. Fordi me veit at desse aktivitetane gir viktig påfyll av motivasjon og inspirasjon, har kretsen hatt tradisjon for å tilby alle vararepresentantar å reise som observatørar. Som oftaast må også desse reisene inkludere flybillettar for at det skal vere praktisk mogleg å delta utan å ta (for mykje) fri frå jobb og skule. Samla sett vert det difor store utgifter til reise og deltaking på nasjonale arrangement dei åra det er speidarting.

2022 er eit år utan kretsleir og med Speidarting og Speidar- og Roverforum. For kretsens økonomi betyr dette store utgifter og mindre inntekter. Sjølv om eit budsjettet underskot på nærmere kr. 52 000 kan verke stort, meinar Kretsstyret at dette er godt innanfor kretsen sine økonomiske rammer sett i eit perspektiv på fire år.

Det er stor sannsynlegheit for at koronapandemien kjem til å påverke økonomien i år også. Budsjettet er laga ut i frå at me kjem til å avholde og delta på arrangement som vanleg. Utanom utgifter/inntekter til kretstingets årsmøte som er kutta ned på. Det er likevel mogleg at me må avlyse eller endre på arrangement, men me håpar å få til meir aktivitet i 2022!

Postar som t.d. støtte til deltaking på nasjonale roverarrangement (6245), reiseutgifter for kretsstyret/kretssekretær (7140-41) og samlingar for kretsleiar/tilsette (6480-81) kjem gjerne ikkje til å verte nytta om situasjonen vert lik som i 2020 og 2021.

	BUDSJETT 21	RESULTAT 21	BUDSJETT 22
SALGS- OG DRIFTSINNTEKT			
3200 Medlemskontingenter	-140 000	-159 390	-130 000
3210 Inntekter, kurs og samlinger	-20 000	-5 600	-15 000
3220 Inntekter, kretskonkurransen	-10 000		-10 000
3230 Inntekter, kretstingets årsmøte			
3240 Inntekter, roveraktiviteter	-5 000		-1 000
3250 Inntekter, Festivalleir			-30 000
3260 Salg, materiell	-1 000	-160	-1 000
3268 Overskudd, kretsleir			
3285 Tilbakebetaling av utlegg ifm. kretsleir			
3290 Diverse inntekter		-2 300	
3410 Momskompensasjon	-8 000	-12 078	-8 000
3420 Reisefordeling fra NSF			
3460 Tilskudd til kurs			
3470 Tilskudd fra Rogaland fylkeskommune	-25 000	-30 100	-25 000
3480 Tilskudd fra Vestland fylkeskommune	-70 000	-70 000	-65 000
3490 Tilskudd, andre		-3 474	
3600 Leieinntekter	-5 000	-1 800	-5 000
3910 Gaver/donasjoner			
SUM SALGS- OG DRIFTSINNTEKT	-284 000	-284 902	-290 000
LØNNSKOSTNAD			
5000 Lønn og andre utgifter til ansatte	80 000	69 032	80 000
SUM LØNNSKOSTNAD	80 000	69 032	80 000

	BUDSJETT 21	RESULTAT 21	BUDSJETT 22
ANNEN DRIFTSKOSTNAD			
6210 Kurs og samlinger	15 000	15 486	10 000
6220 Kretskonkurransen	7 000	7 062	7 000
6230 Kretstingets årsmøte			
6240 Roveraktiviteter	10 000		2 000
6245 Støtte til deltakelse på nasjonale roverakt.	15 000		15 000
6250 Festivalleir			25 000
6260 Ledersamlinger	7 000		7 000
6280 Innkjøp, materiell for videresalg			
6285 Utlegg ifm. kretsleir			
6290 Leie av utstyr	1 000		1 000
6300 Godtgjørelse for hjemmekontor	4 200	4 200	4 200
6310 Leieavtale, Lier	12 000	12 000	12 000
6320 Renovasjon, vann, avløp o.a.	5 000		5 000
6340 Strøm	10 000	13 444	15 000
6390 Annen kostnad lokaler	1 000		1 000
6420 Videreformidling av reisefordeling fra NSF			
6430 Reisetilskudd, NM i speiding			4 000
6440 Deltageravgift, NM i speiding	6 000		6 000
6460 Speiderforum og Roverforum			35 000
6470 Speidertinget			35 000
6480 Samlinger for kretsledere/kretsstyrer	7 500	3 300	7 500
6481 Samlinger for kretsansatte	5 000		5 000
6490 Ledertrening utenfor krets	15 000		15 000
6600 Rep. og vedlikehold bygninger	2 500		10 000
6610 Innkjøp av varige driftsmidler (utstyr)	5 000		5 000
6680 Dugnad	1 000		3 000
6690 Rep. og vedlikehold leirområde	2 500	2 701	2 500
6800 Kontorrekkvisita	1 000	1 752	1 000
7140 Reiseutgifter, kretsstyret	1 000		3 000
7141 Reiseutgifter, kretssekretær	3 000	1 347	3 000
7160 Bevertning, innkjøp av mat og drikke	1 000	149	1 000
7210 Godtgjørelser for verv jf. reglement	3 600	3 000	3 600
7330 Profilering/markedsføring	1 000		1 000
7400 Kontingenter andre organisasjoner	600		600
7420 Gaver	1 000	4 251	3 000
7510 Forsikring eiendommer	10 000	8 592	10 000
7600 Årlige kostnader, programvare og nettsider	5 000	3 700	5 000
SUM ANNEN DRIFTSKOSTNAD	158 900	80 983	263 400
KOSTNADER	238 900	150 015	343 400

	BUDSJETT 21	RESULTAT 21	BUDSJETT 22
FINANSIELLE POSTER			
8040 Renteinntekt	-2 500	-1 979	-2 000
8150 Bankgebyr	500	131	500
SUM FINANSIELLE POSTER	-2 000	-1 849	-1 500
RESULTAT	-47 100	-136 736	51 900



ALLTID BEREDT

Ryvarden krets av NSF
Kretstingets årsmøte 2022

Sak 8 – Val

Valgkomiteen 2022 har bestått av:

- | | |
|-----------------------|---------------------------------|
| - Jan Helge Gulliksen | 1. Skudneshavn sjøspeidargruppe |
| - Anna Tveit | Buaspeidarane |
| - Julia Turkerud | Skår speidargruppe |

Følgande personer har sagt seg villige til å påta seg verv.

VERV	FUNKSJONSTID	KANDIDAT	GRUPPE
Kretsstyret			
Kretsleiar	2 år	Erik Bloch	1. Leirvik speidergruppe
Styremedlem	2 år	Magnus Aronsen	Førdespeidarane
Varamedlem	1 år	Anna Tveit	Buaspeidarane
Varamedlem	1 år		
Styremedlem/rover	1 år	Øyvind Gulliksen	1. Skudeneshavn sjøsp.gr.
Varamedlem/rover	1 år		
Val og økonomi			
Valkomité	1 år	Harald-Andreas Hansen	Kopervik Speidargruppe
Valkomité	1 år		
Valkomité	1 år		
Revisor	1 år	Nils Himle	Finnås speidergruppe
Kasserar og rekneskapsførar	1 år	Espen Fosse	Førdespeidarane

Forts. neste side

Kretstingets representantar på Speidartinget 2022

Kretsleiar	1 år	Visekretsleiar	jf. NSF's lover
Kretsleiar vars vara	1 år		jf. NSF's lover
Representant	1 år	Helene Stokke	Skår speidergruppe
Representant	1 år	Magnus Aronsen	Førdespeidarane
Representant	1 år	Anna Tveit	Buaspeidarane
1. vararepresentant	1 år	Julia Turkerud	Skår speidargruppe
2. vararepresentant	1 år	Øyvind Gulliksen	1. Skudneshavn sjøsp.gr.
3. vararepresentant	1 år		

Kretstingets representantar på Speidarforum 2022

Representant	1 år	Leon Hårvik	Skår speidargruppe
Personlig vararepresentant	1 år	Helga Gjervan	Skår speidargruppe
Representant	1 år		
Personlig vararepresentant	1 år		

Kretstingets representantar på Roverforum 2022

Representant	1 år	Jakob Løve	Kopervik speidergruppe
Personlig vararepresentant	1 år	Øyvind Gulliksen	1. Skudeneshavn sjøsp.gr.
Representant	1 år	Lars Brekke	1. Leirvik speidargruppe
Personlig vararepresentant	1 år	Kristine Olsen	Skår speidargruppe

Dette er ei liste over personar som har sagt seg villige til å påta seg verv – ikkje ei innstilling. Ved alle val er det mogleg å kome med benkeforslag jf. retningslinjer for val i Ryvarden krets pkt. 1.2:

Ved alle val er det mogleg å kmme med benkeforslag. Kandidatane må vere førespurde og ha sagt seg villige til å stille. Alle forslag på kandidater skal leverast skriftleg til møteleiar. Forslagstillar gis anledning til å begrunne forslaget.